




2009 | Årsmelding og
rekneskap



Everksjefen har ordet

Skjåk Energi kan sjå attende på ytterlegare eit år der bransjen har fått mykje mediefokusering. Prisen på nettleiga og kraftpris har vore eit hyppig samtaleemne. Straum er ein samfunnsgode og kanskje den viktigaste infrastrukturen vi har.

Den største veksten i nye nettilknytningar i Skjåk er i hovudsak utbygging av infrastrukturen for hytter og fritidsbustader, og å sørge for nok kapasitet slik at kunden kan bruke den straumen dei ynskjer og har behov for. Behovet for større kapasitet i hytteområda har endra seg betydeleg dei siste åra.

Skjåk Energi har hatt store investeringar på linenettet i fleire år. Det har vorte lagt ned eit stort arbeid i forsterkingar, utvidingar og nyanlegg i Breidalen, ved Grotli og ved Liavatnet.

Arbeid med forsterking og omfattande vedlikehald av eksisterande nett, bidreg til den høge leverings-sikkerheita i vårt område. Linenettet er svært sikkert med få straumbrot, og med tanke på KILE-kostnader og nettap har everket eit trygt stamnett som er bygd for framtida.

Everket kan no konsentrere seg meir om utvikling av tekniske løysingar og betre fjernstyring av nettet.

NVE fastset inntektsramma for nettselskapa og med det bestemmer kor mykje vi kan ta betalt frå våre kundar. Skjåk Energi har i fleire år valt å halde ein lågare pris enn det NVE har vedteke, noko som gjer at everket har opparbeid seg ei betydeleg mindreinntekt. For å betre på dette vart det ei auke i nettleiga hausten 2009. For å "bøte" på denne prisauka vart kraftprisen satt betydeleg ned. Skjåk Energi har som mål å halde kraftprisen på ein rimeleg og moderat nivå.

Tovegskommunikasjon

Skjåk Energi er inne i sluttfasa med investering og montering av nye automatiske målarar til alle våre nettkundar. Dette prosjektet vart starta våren 2006 og vi hadde som mål å kunne avslutte dette i løpet av 2009. Vi har mange hytter og fritidsbustader i vårt område, og det tek tid å koma i kontakt med alle desse. Tovegskommunikasjon til alle nettkundar har ført til ein revolusjon når det gjeld innhenting og handsaming av måledata. Moglegheit til hyppigare avlesingar gjev og god kvalitetssikring av måledata og avrekning. Prosjektet tovegskommunikasjon vart ei investering på om lag 3,6 millionar kroner, og er utført utan å belaste kundane ytterlegare.

Fiber til heimen

Breibandsamarbeidet med Eidsiva Bredbånd A/S fortset. Everket er ansvarleg for sjølv utbygginga av infrastrukturen, og leier denne attende til Eidsiva Bredbånd som har det kommersielle ansvaret mot kunden. Det er i dag om lag 100 husstandar som er

tilknytta breiband/fiber til heimen. Dette er eit spennande fagområde som liknar på straumnettet både i oppbygging og langsiktigheit.

Samarbeid

Skjåk Energi har ei samarbeidsavtale med A/S Eidefoss om m.a. balanseavrekning, handtering av kraftrettigheter og kjøp av overskotskraft. Dette fungerer på alle måtar særst godt.

Ny avtale vart oppretta i desember 2009.

Det er inngått ny avtale om forvaltning av kraftrettar mellom Skjåk kommune og Skjåk Energi KF som regulerer overføringar mellom desse, gjeldande frå 2010 til og med 2015.

Låneavtalane mellom Skjåk kommune og Skjåk Energi KF er og fornya, og er gjeldande frå 1. januar 2010.

Avtale er inngått mellom Skjåk kommune og Øvre Otta DA om levering av konsesjonskraft frå Framruste kraftstasjon i henhold til konsesjon av 24.06.2005 (Breidalsoverføringen)

Konsesjonskraftavtale mellom Skjåk Energi KF og Tafjord Kraftproduksjon AS er fornya, denne erstatter tidlegare konsesjonsavtale.

Resultatmessig oppnådde everket dei budsjetterte målsettingane for 2009, det vart derfor eit økonomisk bra år.

Skjåk Energi vil og i komande år arbeide for å levere rimeleg kraft til våre innbyggjarar og kundar, samstundes som vi vil streve etter å gje gode resultat og eit fordelaktig utbytte til vår eigar.

Eg ser med forventningar på året 2010 og vil nytte høve til å takke kvar enkelt medarbeidar som gjer sitt til at vi samla oppnådde eit godt resultat i 2009.

Skjåk, mars 2010



Aage Brenna

Everksjef

Styret si årsmelding

VERKSEMDA

Skjåk Energi KF er lokalisert i Skjåk kommune og er eit kommunalt energiverk som er eigd av Skjåk kommune. Skjåk Energi, tidlegare Skjåk kraftverk, vart etablert i 1919.

Energiverket står for distribusjon og omsetning av elektrisk energi i heile kommunen, samt dei delar av tunnelanlegga på RV15 Heilårsvegen som ligg i Stryn. Skjåk kommune har stedesverande retter i Øvre Otta DA og kraftverket Skjåk 1 som Skjåk Energi disponerar for kommunen.

I tillegg har everket engasjert seg i utbygging av breiband i Skjåk.

Samansetting av everkstyret 31.12.2009:

Styret består av fem medlemmer, blant desse ein representant for dei tilsette. Skjåk kommunestyre vel leiar og nestleiar.

Arne Fougner Trønnes (leiar)
Per Morten Lindsheim (nestleiar)
Astrid Gjertsen
Astrid Bjørnstad
Stig Erlend Banken (valt av dei tilsette)

Det har vore 6 styremøte i 2009 og 37 saker har vorte behandla.

Fortsatt drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnad om vidare drift av selskapet. Styret stadfester at føresetnad framleis er til stades.

Likestilling

Ved utgangen av året hadde bedrifta 16 tilsette, 4 kvinner og 12 menn. Arbeidstid og løn er rettvist fordelt mellom kjønna. Personalpolitikken vert rekna for å være kjønnsnøytral på alle områder.

Styret har 5 medlemmer, 3 menn og 2 kvinner.

Bransjen er generelt prega av ein låg kvinneandel. Det er ikkje gjennomført spesielle likestillingstiltak gjennom året.

Arbeidsmiljø og personale

Skjåk Energi hadde 16 fast tilsette per 31.12.2009, som utgjer 15,50 årsverk.

Det vart skifte av everksjef frå 1. april 2009. Tilsynsinspektør gjekk over til stillinga som driftsingeniør frå 1. august 2009.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som bra. Skjåk Energi følger dei forskrifter for internkontroll som er pålagt. Det er lagt opp interne retningslinjer og ansvarsfordeling for å få regelmessig oppdatering, oppfølging og framdrift. Bedriften er medlem i Gudbrandsdal Bedriftshelse-

teneste. Undersøking gjort av bedriftshelsetenesten hausten 2009 viser at det er svært god trivsel i everket.

Tilsette i bedrifta har ikkje vore utsette for ulykker eller skadar i samband med utføring av sitt arbeid i 2009.

Samla sjukefråver var 4,9 % mot 8,0 % i 2008. Første del av året var prega av noko langtidsfråver, men for resten av året har hatt det eit vore tilfredsstillande lågt sjukefråver.

Ytre miljø

Bedriften driv ikkje verksemd som forureinar det ytre miljøet.

Farlege stoff og spesialavfall vert teke vare på og innlevert. Kildesortering av alle type restprodukt ved everket er innført, og all avfallbrenning er forbode. Restprodukt og olje blir oppfanga og forureinar ikkje miljøet.

OM DRIFTA

Kraftomsetnad

Totalt disponerte Skjåk Energi ei kraftmengde på 121,8 GWh i 2009, for 2008 var denne mengda 117 GWh. Av denne mengda vart 42,7 GWh levert til kunder i eige område.

Skjåk kommune har ein stedesverande rett på 7 % i Øvre Otta DA og 16,5% av kraftverket Skjåk 1. Skjåk Energi disponerar desse rettane på vegne av Skjåk kommune. Andelane er innarbeida brutto i rekneskapen for Skjåk Energi. Skjåk Energi betaler overskotsskatt, naturressursskatt, eigedomsskatt og grunnrenteskatt.

Avtale om forvaltning av kraftrettar mellom Skjåk kommune og Skjåk Energi vart reforhandla i 2009 og vert gjeldande frå 2010.

Overføringsverksemd

Total inntektsramme for 2009 var 15,2 millionar, Skjåk Energi hadde netttinntekter på kr. 14,2 millionar inkludert utjamningstilskot frå NVE på kr 1,048 millionar. Bokført mindreinntekt pr. 31.12.2009 er på 22,2 millionar kroner.

Det vart målt 48,2 GWh inn på nettet i 2009. Totalt distribuert mengde hos sluttbrukar var 44,3 GWh i 2009.

Det har ikkje vore større investeringar på nettet i 2009. Det er satt opp ein ny nettstasjon i det nye hyttefeltet ved Grotli Høgfjellshotel. I Breidalen er det vidareført kabling av lågspentnettet, og det er satt opp ein ny nettstasjon der. Ombygging av nettstasjoner for betjening frå bakken er i rute. Elles har året vore prega av kontrollar, skogrydding og vanleg vedlikehaldsarbeid. Totalt har det vore 61 utkoplingar og driftsforstyringar i 2009.

På sin årlege kontroll frå DSB (Direktoratet for

samfunnsikkerhet og beredskap) vart det ikkje avdekka nokon avvik.

Tilsynsinspektøren gjekk over til stilling som driftsingeniør på nettavdelinga og leiar for Det lokale Eltilsyn (DLE) fra 01.08.09. Elsikkerhet Norge AS vart leigd inn for å fullføre tilsynsplanen for 2009. Dette vart utført i november.

Den 18.08.2009 utførte Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) tilsyn med DLE ved Skjåk Energi KF. Ingen avvik vart registrert. Frå 01.10.2009 vart DLE funksjonen organisert som eigen avdeling direkte underlagt everksjefen

Breiband

Det var ingen nye prosjekter på FTH (fiber til heimen) som vart sett i gang i 2009. I staden vart det utført ein del mindre utvidingar til eksisterande anlegg. For å dekke opp ein del kvite flekkar (område med dårleg dekning) i bygda, vart det sett opp nokre nye radioantennar i eksisterande telenormaster.

Framtidig utvikling

Framtidig inntening og finansiell stilling vert vurdert som god både på kort og lengre sikt.

Finansiell risiko

Styret har godkjent ein strategi for prissikring. Så lenge desse instruksene vert følgde, vurderer styret at den finansielle risikoen er begrensa og innanfor everket sin økonomiske tåleevne.

Markedsrisiko

Sjå note 2

Kreditrisiko

Tidlegare historikk viser at denne risikoen er låg, då det har vore lite tap på fordringar.

Renterisiko

Skjåk Energi er utsett for renterisiko både når det gjeld lån hos eigarkommunen og for kapitalplasseringane. Inntektsrammeregulering vert også påverka av rentendringar.

Likviditetsrisiko

Bedrifta vurderer likviditeten som stram.

Resultatdisponering

Den framlagte resultatrekneskapen og balansen med tilhøyrande noter gjev etter styret si oppfatning eit rettvist bilete av bedrifta sine eigedelar og gjeld samt finansielle stilling og resultat. Rekneskapen viser eit overskot etter skatt på kr. 9 767 079 for Skjåk Energi KF.

Styret sitt forslag til disponering av overskottet for 2009 på kr. 9 767 079 :

Eigaruttak	kr.	7 441 265
Overført til annan egenkapital	kr.	2 325 814

Skjåk, 28. april 2010

Arne F. Trønnes
styreleiar

Per Morten Lindsheim
nestleiar

Astrid Bjørnstad
styremedlem

Astrid Gjertsen
styremedlem

Stig E. Banken
styremedlem

Aage Brenna
everksjef

Økonomiske nøkkeltall for Skjåk Energi

Tal i heile tusen kroner	2009	2008	2007	2006	2005
Omsetning	64 983	62 597	55 940	52 812	51 398
Driftsresultat	23 716	22 280	19 794	6 636	6 668
Resultat før skatt	17 832	14 988	13 759	2 493	7 323
Resultat etter skatt	9 767	5 163	9 344	1 346	5 389
Egenkapital	69 759	67 497	65 796	65 874	68 185
Resultatgrad	28,83 %	25,03 %	25,75 %	3,4 %	14,2 %
Kapitalens omløpshastighet	0,34	0,33	0,30	0,30	0,33
Totalrentabilitet	11,83 %	12,22 %	11,14 %	3,46 %	6,25 %
Egenkapitalrentabilitet	33,07 %	35,06 %	30,65 %	9,02 %	12,75 %
Likviditetsgrad 1	2,47	1,88	2,01	2,69	2,31
Likviditetsgrad 2	2,40	1,82	1,95	2,50	2,02
Egenkapitalandel	36,61 %	35,02 %	35,60 %	37,24 %	37,68 %
Gjeldsgrad	1,73	1,86	1,81	1,69	1,65

Definisjoner:

Resultatgrad = resultat før skatt + finanskostnader/omsetning

Kapitalens omløpshastighet = omsetning/gjennomsnittleg totalkapital

Totalrentabilitet = driftsresultat + finansinntekter/gjennomsnittleg totalkapital

Egenkapitalrentabilitet = resultat før skatt/gjennomsnittleg egenkapital

Likviditetsgrad 1 = mest likvide omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 2 = omløpsmidlar/kortsiktig gjeld

Eigenkapitalandel = egenkapital i prosent av totalkapital

Gjeldsgrad = (Kortsiktig gjeld + langsiktig gjeld)/sum egenkapital

Hovedtall for Skjåk Energi







		2009	2008	2007	2006	2005	2004
Antall tilsette per 31.12							
Heiltidstilsette		15	17	17	17	29	29
Deltidstilsette		1	1	1	1	3	3
Årsverk		15,5	17,5	17,5	17,5	30	29
Data for overføringsnett							
22kV ledning	km	141	139	139	138	139	139
22kV kabel	km	38	37	35	34	32	31
Lågsp. ledning	km	107	107	107	107	108	107
Lågsp. kabel	km	65	64	63	62	60	61
Fordelingstransformatorer, antall	stk.	194	190	187	185	184	186
Fordelingstransformatorer, ytelse	kVA	31 145	31 725	34 835	34 835	34 055	32 330

Resultatregnskap

Skjåk Energi

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2009	2008
Energisalg		47 562 331	42 727 645
Overføringsinntekter	13	14 258 188	17 061 732
Leieinntekter		485 809	339 387
Annen driftsinntekt	12	2 676 525	2 468 461
Sum driftsinntekter	9	64 982 853	62 597 225
Energikostnader		11 054 655	7 699 867
Overføringskostnader		1 366 809	2 583 069
Lønnskostnader m.m.	3, 4	10 574 832	10 641 997
Ordinære avskrivninger	12, 16	5 812 947	6 072 948
Øvrige driftskostnader	12	12 457 668	13 319 109
Sum driftskostnader		41 266 911	40 316 990
Driftsresultat		23 715 942	22 280 235
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		671 713	592 538
Annen finansinntekt		165 301	659 934
Renter ansvarlig lån	8	150 800	311 480
Annen rentekostnad		4 710 200	8 163 766
Annen finanskostnad		1 859 625	69 731
Resultat av finansposter		-5 883 612	-7 292 505
Resultat før skattekostnad		17 832 330	14 987 730
Skattekostnad på ordinært resultat	14	8 065 251	9 825 061
Årets resultat		9 767 079	5 162 669
Opplysninger om:			
Eigaruttak		7 441 265	8 600 959
Avsatt til annen egenkapital		2 325 814	0
Overført fra annen egenkapital		0	3 438 290
Sum overføringer		9 767 079	5 162 669

<i>Balanse</i>			
Skjåk Energi			
Eiendeler	Note	2009	2008
Anleggsmidler			
Utsatt skattefordel	1, 14	3 229 820	2 866 620
Sum immaterielle eiendeler		3 229 820	2 866 620
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	16	8 940 527	8 982 040
Anlegg under oppførelse deleide verk	12	253 028	109 818
Anleggsmidler deleide verk	12, 16	91 059	93 617 567
Distribusjonsanlegg	16	32 053 104	32 899 962
Transportmidler	16	1 095 266	1 305 980
Driftsløsøre, inventar og liknande	16	1 278 389	1 390 744
Televerksemd	16	3 546 292	3 226 807
Sum varige driftsmidler		138 225 853	141 532 918
Finansielle driftsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	7	4 980 855	4 773 674
Obligasjoner og andre fordringer	11	3 783 590	3 901 660
Sum finansielle anleggsmidler		8 764 445	8 675 334
Sum anleggsmidler		150 220 118	153 074 872
Omløpsmidler			
Reservemateriell	6	1 207 607	1 216 407
Sum lager		1 207 607	1 216 407
Fordringer			
Kundefordringer		11 040 899	9 712 849
Omløpsmidler deleide verk	12	1 013 843	1 819 940
Andre fordringer		1 449 993	1 701 703
Opptent mindreinntekt	11, 13	22 206 000	20 625 000
Sum fordringer		35 710 736	33 859 492
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	3 398 025	5 107 150
Sum omløpsmidler		40 316 367	40 183 049
Sum eiendeler		190 536 485	193 257 921

<i>Balanse</i>			
Skjåk Energi			
Egenkapital og gjeld	Note	2009	2008
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	1, 15	69 759 568	67 496 703
Sum opptjent egenkapital		69 759 568	67 496 703
Sum egenkapital		69 759 568	67 496 703
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Pensjonsforpliktelser	4	5 905 985	5 810 618
Sum avsetning for forpliktelser		5 905 985	5 810 618
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	8	0	47 500
Ansvarlig lån Skjåk kommune	8	5 200 000	5 200 000
Anna gjeld Skjåk kommune	8	93 356 605	93 522 505
Sum annen langsiktig gjeld		98 556 605	98 770 005
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		2 499 900	6 390 504
Betalbar skatt	14	8 428 464	10 155 380
Skyldig offentlige avgifter og andre tre		3 853 893	2 349 054
Annen kortsiktig gjeld		1 532 070	2 285 657
Sum kortsiktig gjeld		16 314 327	21 180 595
Sum gjeld		120 776 917	125 761 218
Sum egenkapital og gjeld		190 536 485	193 257 921
Bismo, den 28.04.2010			
 Arne F. Trønnes styreleiar	 Per Morten Lindsheim nestleiar	 Astrid Bjørnstad styremedlem	
 Astrid Gjertsen styremedlem	 Stig E. Banken styremedlem	 Aage Brenna everksjef	

Direkte kontantstrøm

Skjåk Energi

NRS - Direktemetode

Note 2009 2008

KONTANTSTRØMMER FRA OPERASJONELLE AKTIVITETER

1) Avstemming

Resultat før skattekostnad		17 832 330	14 987 730
- Periodens betalte skatt	14	-8 065 251	-6 825 061
+ Ordinære avskrivninger	16	5 812 947	6 072 948
+/- Endring i varelager		8 800	-29 607
+/- Endring i kundefordringer		-1 328 050	-2 825 115
+/- Endring i leverandørgjeld		-3 890 604	2 714 853
+/- Endring i andre tidsavgrensingsposter		-1 855 802	-6 876 573
= Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		8 514 370	7 219 175

KONTANTSTRØMMER FRA INVESTERINGS AKTIVITET

- Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmidler	16	2 361 649	1 598 030
- Utbetalinger ved kjøp av aksjer og andre andeler i andre foretak	7	207 181	96 116
= Netto kontantstrøm fra investeringsakti		-2 568 830	-1 694 146

KONTANTSTRØMMER FRA FINANSIERINGS AKTIVITETER

- Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld		213 400	232 129
+/- Endringer av egenkapital		0	-1 700 283
- Utbetalinger av utbytte		7 441 265	8 600 959
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		-7 654 665	-10 533 371
= Netto endring i kontanter og kontantekvivalenter		-1 709 125	-5 008 342
+ Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved periodens begynnelse		5 107 150	10 115 492
= Beh. av kont. og kontantekvivalenter ved periodens slutt		3 398 025	5 107 150

Noter til rekneskap og balanse

Note 1 Generelle rekneskapsprinsipp

Årsoppgjeret til Skjåk Energi er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk i Norge.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av egedelar og gjeld

Egedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre egedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Fordringer som vert betalt tilbake innan eit år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel er aktivert til kostpris, men blir skrivne ned til verkeleg verdi når fall i verdi ikkje er forventa å vere forbigåande. Langsiktig gjeld er ført i balansen til nominelt mottatt beløp på etableringstidspunkt. Langsiktig gjeld er ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Omløpsmiddel er vurdert til det lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på etableringstidspunkt. Kortsiktig gjeld er skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Enkelte poster er vurdert etter andre regler og er gjort greie for nedanfor.

Varige driftsmiddel

Varige driftsmiddel er avskrive over forventa økonomisk levetid. Avskrivningane er som hovudregel fordelt lineært over resterande økonomisk levetid.

Andre anleggsaksjer og delar

Anleggsaksjer og mindre investeringar i ansvarlege selskap og kommandittselskap der Skjåk Energi ikkje har betydeleg innverknad skal balanseførast til kostpris. Investeringane blir skrivne ned til verkeleg verdi viss verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre overskotsutdelingar fra selskapa vert ført som annen finansinntekt.

Varer

Varer er vurdert til det lågaste av gjennomsnittleg kostpris og netto salsverdi. For råvarer og varer i arbeid er det rekna netto salsverdi til salsverdien av ferdig tilvirka varer redusert for attståande tilvirkningskostnadar og salskostnadar.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er ført opp til pålydande etter frådrag for avsetnad til forventa tap. Avsetnad til tap er gjort på grunnlag av ein individuell vurdering av dei enkelte fordringene. I tillegg er det for øvrige kundefordringer gjort ein uspesifisert avsetnad for å dekke antatt tap.

Egedelar og gjeld i valuta

Dagskursprinsippet vert brukt ved vurdering av pengepostar i utanlandsk valuta. Dette gjer at kortsiktige poster i valuta er vurdert til valutakursen på balansedagen. Meir/ mindreinntekt som skuldast skilnader mellom bokført valutakurs på balansedagen vert resultatført.

Pensjonar

Skjåk Energi sitt pensjonsansvar er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Pensjonsforpliktinga er ført som gjeldspost i balansa og endring gjennom året er resultatført. Arbeidsgjevaravgift er inkludert.

Vannmagasinbeholdning

Informasjon om magasinbeholdning i deleigde verk er teke med i note 10. Gjeld følgande verk; Øvre Otta DA og Opplandskraft DA

Segmentinformasjon

Selskapet si verksemd omfattar omsetnad av kraft, deleigde verk; Øyberget kraftverk, Framruste kraftverk og Skjåk 1 kraftverk, drift av distribusjonsnett, televerksemd og øvrig verksemd som hovudsakleg er utleige av lokale, jf. note 9.

Overføringsverksemd

For kvart år fastset NVE inntektsrammer for kvart nettselskap for kor mykje kvart einskild selskap kan inntektsføre som nettleige. Dersom dei faktiske nettleigeinntekter etter fakturering blir lågare, blir differansen bokført som mindreinntekt, dvs. at nettselskapet har tilgode nettleige hos kunden. Blir faktiske nettleigeinntekter høgare, blir differansen bokført som meirinntekt og kunden har tilgode hos nettselskapet, jf. note 13.

Skatt

Selskapet står overfor fire typer skatt; naturressurs-skatt, grunnrenteskatt, vanleg inntektsskatt og eigedomsskatt.

Inntektsskatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både perioden sin betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 28 % på grunnlag av dei midlertidige forskjellar som er mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier, samt likningsmessige underskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret.

Skatteaukande og skattereduserande midlertidige forskjellar som reverseres eller kan reverseres i samme periode er utlikna og nettoført.

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein skatt som er uavhengig av overskotet og vert utrekna på grunnlag av det enkelte kraftverk sin gjennomsnittlege produksjon dei siste sju åra. Skattesatsen er sett til 1,3 øre/kWh for 2009. Naturressursskatten kan utliknast mot overskuddsskatten. Eventuell ikkje utlikna naturressursskatt kan framførast med renter til seinare år og inngår som ein del av grunnlaget for berekning av utsett skattefordel.

Grunnrenteskatt

I tillegg er det for kraftproduksjon innført ein særskilt grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten utgjør 30 %. Med utgangspunkt i det enkelte kraftverk blir salsinntekten rekna ut fra året sin timesoppløste spotmarknadpriser multiplisert med produksjon i dei tilhørende perioder, med unntak av konsesjonskraft og langsiktige kontrakter som vert prisa til faktiske priser. Det blir ikkje gjort frådrag for gjeldsrenter. I staden blir det gjeve frådrag for ein friinntekt som blir rekna ut fra gjennomsnittlege skattemessige verdier på driftsmiddel multiplisert med ein normrente. Normrenten blir fastsett årleg. Grunnrenta skal reknast ut særskilt for kvart kraftverk.

Grunnrenteinntekta vil vere sterkt stigande over kraftverket si levetid, fordi skattemessige avskrivningar og friinntekter blir redusert og etter kvart fell bort.

Eigedomsskatt

Med virkning fra inntektsåret 2001 vart reglane for taksering av kraftanlegg endra. Eigedomsskatten utgjør 0,7% av ein berekna eigedomsskattetakst. Eigedomsskattegrunnlaget utgjør det høgaste av ein nåverdi basert blant anna på kraftanlegget sin normerte inntekter og ein alternativ verdi basert på

kraftanlegget sin gjennomsnittlege produksjonsevne multiplisert med ein sats frå 0,95 til 2,35 kr/kWh for 2008 og 2009. Skjåk Energi betaler kun eigedomsskatt for kraftanlegg som ikkje ligg i Skjåk kommune.

Note 2 Finansiell marknadsrisiko

Skjåk Energi bruker ulike finansielle instrument i styringa av finansiell risiko.

Renterisiko

Det er to forhold som gjev renterisiko for bedrifta; 1) bedrifta har lån med flytande rente, og 2) kapitaldelen for bedrifta si inntektsramme for nett er eksponert for rentenivået. Desse to forholda har motsett eksponering for renteendring. Rentestigning vil auke lånekostnaden, men vil samstundes gje auka nettinntekter.

Valutarisiko

Skjåk Energi har ikkje lån plassert i utanlandsk valuta. Noko av dei likvide midler er plassert i euro pr 31.12. Omsetnad av kraft over børsen Nord Pool blir avrekna i Euro. Bedrifta er såleis avhengig av forholdet mellom kursen i Euro og norske kroner. For 2009 vart det avtalt terminforretning, dette førte til eit relativt stort valutatap i 2009. Rammeavtalen hadde ein kritisk verdi på tre millionar kroner i 2009.

Risiko ved krafthandel

Bedrifta sitt inntektsnivå er avhengig av prisnivå i kraftmarknaden. Dei fleste kraftkontraktene er finansielle, men bedrifta har og fysiske kraftavtaler. Ved å ha mykje kraft uselt vert ein eksponert for risiko for prisendringar.

Det er og ein risiko knytt til volum. Tilgangen på kraft er sammensett av konsesjonskraft som har eit fast volum og delar av produksjon, som vil variere etter blant anna magasin-/snø-/ og nedbørssituasjon. I tillegg vert det levert kraft til sluttbrukarane i Skjåk, og dette forbruket varierar etter verforhold og leverandørskifte.

Det foreligg ein skatterisiko tilknytt kraftomsetning ved å selje kraftproduksjonen på kontraktar.

Risiko ved krafthandel inneheld såleis ulike element som dreg i motsett retning.

Note 3 Lønskostnadar, tal på tilsette, godtgjeringar, lån til tilsette m.m.

Lønskostnadar	2009	2008
Løn	8 032 262	7 774 684
Arbeidsgjevaravgift	615 724	658 751
Pensjonskostnadar	1 403 633	1 688 410
Andre ytingar	523 213	520 152
Sum	10 574 832	10 641 997
Gjennomsnittleg tal på årsverk	17	18

Ytingar til leiande personar

	Everksjef	Styre
Løn	688 603	32 100

Andre ytingar	103 640
Pensjonskostnadar	70 215

Everksjef fram til 31.03.2009: Ole Farmen
Everksjef frå 01.04.2009: Aage Brenna

Revisjonshonorar

Lovpålagt revisjon	kr. 60 000
Rådgjevingstenester	kr. 30 000

Beløpa er eksklusive meirverdiavgift.

Note 4 Pensjonskostnadar og ansvar

Bedrifta sitt pensjonsansvar er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse og tilfredsstillar lovregler til pliktig tenestepensjonsordning. Ordninga gjev ei definert yting i forhold til tariffavtala i kommunal sektor. Sidan det vert gjort ein fordeling av den aktuariemessige risiko mellom alle foretaka, kommunene og fylkeskommunene som deltek i ordninga, tilfredsstillar ho kriteria for det som vert definert som ein "Multiemployer-plan". Pensjonsordninga omfattar 16 personer pr. 31.12.2009. Etter delinga av Skjåk Energi i to kommunale føretak, fekk everket ansvaret for pensjonsforpliktingar vedrørende tidlegare tilsette, også for dei som hadde arbeidd på installasjonsavdeling og elektrobutikk. Det er gjort avsetnad for netto pensjonsforpliktingar som andel av påløpt tenestekjøpskostnad hos Øvre Otta DA og Opplandskraft DA.

Tilskot til KLP	1 334 159
Endring pensjonsforpliktingar	69 474
Netto pensjonskostnad	1 403 633

Pensjonsinnskota er dekkja ved innbetaling frå dei tilsette og Skjåk Energi.

	31.12.2009	31.12.2008
Br. p.forpliktingar	34 010 913	28 461 975
P.midler (til markedsv.)	23 419 400	21 770 879
Ikkje resultatførte estimatendr. og avvik	-6 528 175	-2 693 040
Netto p.forplikting	4 063 338	3 998 056
Arbeidsgjevaravgift	260 054	255 875
Balanseført p.forpl.	4 323 392	4 253 931

Økonomiske forutsetninger:	2009	2008
Diskonteringsrente	5,40 %	5,80 %
Årleg lønnsvekst	4,50 %	4,00 %
Årleg vekst i folketrygda		
sitt grunnbeløp	4,25 %	3,75 %
Årleg avkastning	5,70 %	5,80 %

Med omsyn til dødelighet og uførhet mv er det benytta føresetnader i Kommunal Landspensjonskasse sin forsikringstekniske berekningsgrunnlag.

Note 5 Bundne middel

Av bankinnskot/likvide middel på kr. 3 398 025 er kr. 700 000 bundne skattetrekksmiddel. Skuldig skattetrekk pr. 31.12.2009 kr. 432 112.

Note 6 Lager

Lager av reservemateriell vert vurdert til gjennomsnittleg kostpris.

Note 7 Aksjer og andelar i andre selskap

	Eigardel	Kostpris	Balanseført verdi
Anleggsmidler			
Kunskaps-stugu AS	10 %	50 000	50 000
Eidsiva Bredbånd AS		2 710 917	2 220 776
Marlo Grendahus		1 000	1 000
Skjåk Utleiebygg AS (*1)		2 000 000	2 000 000
Andel aksjer deleide verk		37 800	37 800
Grunnkapital Oppl.kontoret for Elfag		15 000	15 000
Eigenkapitalinnskott i KLP			656 279
Sum			4 980 855

Etter ein emisjon i Eidsiva Bredbånd AS vart tal på aksjer utvida med 140 781 stk.

Alle aksjepostene er ført etter kostpris.

*1) Aksjeposten i Skjåk Utleiebygg AS vert overdrege vederlagsfritt til Skjåk Kommune i 2010

Note 8 Langsiktig gjeld

Gjeld som forfell meir enn fem år etter rekneskapåret sin slutt:

Ansvarleg lån Skjåk kommune	5 200 000
Anna langsiktig gjeld Skjåk kommune	93 356 605

Låneavtalane med Skjåk kommune vart reviderte i 2009. Frå og med 2010 vil alle låna ha fastrente.

Note 9 Resultat fordelt etter verksemd

	Kraftsalg	Deleide verk	Overføring	Televerksemd	Øvrig	Totalresultat
Kraftsalg	20 546 083	27 016 249	0	0	0	47 562 331
Overføringsinntekter	0	0	14 258 188	0	0	14 258 188
Andre driftsinntekter	0	2 474 807	0	0	687 527	3 168 334
Sum driftsinntekter	20 546 083	29 491 055	14 258 188	0	687 527	64 982 853
Energikjøp *)	6 884 655	0	0	0	0	6 884 655
Kraftrettar						
Skjåk kommune	3 670 000	500 000	0	0	0	4 170 000
Overføringskostnader	0	0	1 366 809	0	0	1 366 809
Lønninger	1 228 239	473 162	7 347 364	190 967	1 335 100	10 574 832
Avskrivninger	144 650	2 591 361	2 877 455	141 201	58 280	5 812 947
Andre drifts- og felleskostnader	827 811	6 025 336	5 044 931	299 752	259 861	12 457 691
Sum driftskostnader	12 755 355	9 589 860	16 636 559	631 920	1 653 240	41 266 934
Driftsresultat	7 790 728	19 901 196	- 2 378 731	- 631 920	- 965 714	23 715 919

Note 10 Magasinbeholdningar for deleigde verk

Magasinbeholdningar/-endringar er ikkje arbeidd inn i rekneskapen.

Ved utgangen av rekneskapåret var:

1. Produksjon i året:

Øvre Otta	49,77 GWh
Skjåk 1 kraftverk	19,20 GWh

2. Midlere årsproduksjon siste 10 år:

Øvre Otta	50,96 GWh (kun for fem år)
Skjåk 1 kraftverk	18,20 GWh

3. Behaldning

	2009	2008
Øvre Otta	9,94 GWh	9,31 GWh
Skjåk 1 kraftverk	20,8 GWh	20,8 GWh

Midlere behaldning siste 10 år:

Øvre Otta	11,62 GWh (kun for fem år)
Skjåk 1 kraftverk	17,80 GWh

Note 11 Fordringer med forfall seinare enn eitt år

	2009	2008
Lån til Eidsiva Bredbånd AS (anleggsmiddel)	837 280	696 499
Fordring Eidsiva Bredbånd AS vdr. fiberutbygging i Skjåk(anleggsmiddel)	2 941 310	3 205 161
Mindreinntekt (omløpsmiddel)	22 206 000	21 065 700

Lån til Eidsiva Bredbånd AS på kr. 837 280 er avdragsfritt i fem år. Renta utgjer 6% p.a. Lånet vart utvida i mai 2009 i samband med ein emisjon.

Note 12 Deleigde verk

Øvre Otta DA og Opplandskraft DA er brutto deltakerlikna. Det er arbeidet inn 7 % av Øvre Otta DA sine resultat- og balanseposter. Tilsvarende er det arbeidet inn delar av Opplandskraft DA sine resultat- og balanseposter, som utgjer 16,5 % av Skjåk 1 og 1,6 % av felles verksemd hos Opplandskraft DA.

Note 13 Monopolverksemd

Overføringsverksemd	2009	2008
Inntekter ved kraftoverføring	14 258 188	17 042 527
Andre driftsinntekter	0	171 145
Sum driftsinntekter	14 258 188	17 213 672
Kjøp av overføringstenester	77 364	1 574 230
Kjøp av tapsenergi i eget nett	1 289 445	1 008 839
Andre driftskostnader	15 270 487	15 119 168
Sum driftskostnader	16 637 296	17 702 237
Driftsresultat	-2 379 108	-488 565
Grunnlag for kapitalavkastning (i 1000 kr)	40 270 000	41 487 000
Avkastning i prosent	0,00 %	0,00 %
Mindreinntekt 01.01	22 206 000	13 465 000
Mindreinntekt 31.12	22 206 000	20 625 000

Overføringsverksemda til energiverk er regulert gjennom fastsette regler for kostnadsberegning/-fordeling og inntektsramme. Regelverket blir administrert av NVE, som fastlegg ei inntektsramme for overføringsverksemda kvart år.

Meir- eller mindreinntekta vert rekna ut frå om overføringsverksemda har teke inn høgare nettleige enn ramma eller ikkje. Meirinntekt skal attendeførast til kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år. Mindreinntekt kan krevjast attende frå kundane gjennom endring av tariffane i påfølgande år.

Justert tillete inntektsramme for 2009	15 285 000
Kostnader overliggende nett	+ 77 000
KILE	- 477 000
Sum avvik avskr. og avkastning på avvik avkastn.gr.lag	- 254 000
Total ramme	= 14 626 000
Overføringsinntekter 2009	- 13 210 000
Utjamningstilskot frå NVE	- 1 048 000
Årets mindreinntekt	= 393 000

Denne mindreinntekta vert ikkje ført i rekneskapen for 2009.

Det er bokført ei mindreinntekt på kr. 22 206 000 pr. 31.12.2009. Auke i bokført mindreinntekt 1/1-2009 skuldast vedtak frå NVE om høgding av mindreinntekt for perioden 2004 til 2008.

Det vert løpande vurdert om denne mindreinntekta skal takast inn hos kundane ved høgding av tariffane, anten heilt eller delvis.

Note 14 Skattenote

Året sin skattekostnad

	2009	2008
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Betalbar skatt	8 428 451	10 156 161
Endring i utsett skatt / utsett skattefordel	-363 200	-331 100
Skattekostnad ordinært resultat	8 065 251	9 825 061
Betalbar skatt i året sin skattekostnad:		
Ordinært resultat før skatt	17 832 330	14 958 730
Permanente forskjellar	-2 892 101	-1 734 350
Grunnlag for året sin skattekostnad	14 940 229	13 253 380
Endring i midlertidige forskjellar	1 297 292	1 182 585
Grunnlag for betalbar skatt i resultatregnskapet	16 237 521	14 435 965
Skattepliktig inntekt	16 237 521	14 435 965
Betalbar skatt på året sitt ordinære resultat	8 428 451	10 156 161
Sum betalbar skatt ordinært resultat	8 428 451	10 156 161
Betalbar skatt i balansen:		
Betalbar skatt på årets resultat	8 428 464	10 155 380
Sum betalbar skatt i balansen	8 428 464	10 155 380

Skatteeffekten av midlertidige forskjeller og underskudd til fremføring som har gitt opphav til utsatt skatt og utsatte skattefordeler, spesifisert på typer av midlertidige forskjeller:

	2008	2009	Endring
Varige driftsmidler	-3 636 004	-5 153 551	1 517 548
Fordringer	-117 338	-171 777	54 439
Pensjonsforpliktelser	-5 810 618	-5 905 985	95 367
Andre forskjeller	-674 056	-303 994	-370 062
Sum	-10 238 016	-11 535 307	1 297 292
Grunnlag for beregning av utsatt skatt	-10 238 016	-11 535 307	1 297 292
Utsett skattefordel (28 %)	-2 866 644	-3 229 886	363 242

Året sin betalbare naturressursskatt:

Grunnlag 48.780.000 kWh à 1,3 øre/kWh 634 140

Året sin betalbare grunnrenteskatt:

Inntekter	21 556 302
Driftskostnader produksjon	5 556 815
Skattemessige avskrivningar driftsmiddel	1 449 779
Friinntekt	1 609 847
Frådrag negativ grunnrente	0
Sum frådrag	8 616 441
Grunnlag grunnrenteskatt	12 939 861
Grunnrenteskatt 30 %	3 881 958

Spesifikasjon av året sin skattekostnad:

Betalbar naturressursskatt	634 140
+ Betalbar inntektsskatt fråtrekt utlikna naturressursskatt	3 912 366
+ Betalbar grunnrenteskatt	3 881 958
+/- Endring utsett skattefordel	-363 200
+/- For mykje/lite avsett tidlegare år	-13
Sum skattekostnad i resultatregnskap	8 065 251

Note 15 Endring av egenkapital

Bokført egenkapital 31/12-2008		67 496 703
Vedtak frå NVE, auke i saldo for mindreinntekt	1 581 000	
Endring deler deleigde verk	- 1 643 948	
Overført til egenkapital	2 325 814	
Bokført egenkapital pr. 31/12-2009		69 759 568

Note 16 Anleggsmidler

	Bygningar og tomter	Driftsløsøre, inventar o.l.	Distribusjonsanlegg	Transportmidler	Deleide verk	Tele	Sum
Ansk.kost pr 1.1.2009	14 478 063	5 910 670	60 953 741	3 417 411	104 767 535	3 491 636	193 019 056
+Tilgang kjøpte anleggsmidler	248 480	758 080	862 406	0	38 074	460 687	2 367 727
=Ansk.kost 31.12.2009	14 726 543	6 668 750	61 816 147	3 417 411	104 805 609	3 952 323	195 386 783
Akk. avskr. 31.12.2009	5 846 950	5 390 361	29 763 041	2 322 145	13 963 930	406 033	57 692 460
Bokført verdi 31.12.2009	8 879 593	1 278 389	32 053 106	1 095 266	90 841 679	3 546 290	137 694 323
Årets ordinære avskrivninger	289 974	870 436	1 709 261	210 714	2 591 361	141 201	5 812 947
Økonomisk levetid	ca 50 år	ca 3-12 år	ca 25-30 år	ca 8-10 år	ca 0-75 år	ca 25 år	
Avskrivningsplan	lineært 2 %	lineært 8-33 %	lineært 3-4 %	lineært 10-12 %	lin. 0-10 %	lineært 4 %	

Kommunestyret i Skjåk
2690 SKJÅK

SKJÅK ENERGI KF - REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Skjåk Energi KF for rekneskapsåret 2009, som viser eit overskot på kr 9.767.079,- etter skattekostnad. Vi har og revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og forslaget til disponering av overskotet. Årsrekneskapen består av resultatrekneskap, balanse, kontantstrømanalyse, og noteopplysingar. Reglane i rekneskapsloven, tilleggereglar i kommuneloven med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeiding av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av styret i selskapet og dagleg leiar. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommuneloven og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommuneloven, forskrift og god kommunal revisjonskikk, herunder revisjonsstandardar vedtatt av Den norske Revisjonsforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tilfredstillande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygger informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsipp og vesentlege estimat som er nytta, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følger av god kommunal revisjonskikk, omfattar revisjon og ein gjennomgang av økonomiforvaltninga og rekneskaps- og autoritetskontrollsystema i selskapet. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete for selskapet si økonomiske stilling pr. 31. desember 2009 og for resultatet, kontantstrømane og endringane i egenkapitalen i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg.
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysingar i samsvar med god bokføringskikk i Noreg.
- opplysingane i årsmeldinga og forslaget til disponeringa av det rekneskapsmessige overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Nord-Gudbrandsdal kommunerevisjon


Ingvald Brundtland
revisjonssjef

Kopi til: Skjåk energi KF
Kontrollutvalet i Skjåk

Postadr.: Høysekkir, Sel: Avd.ktr. Lørd:
Sel rådhus 2670 Ota. Telefon: 61 70 07 00 61 21 73 01 Føretaksnr: 976 634 837 MVA
Telefax: 61 70 07 01 61 21 73 01 Bankkonto: 2085.63.47576
Mobil: 90 73 17 84 E-mail: ngk@skjoketok.no

